

Undervisningskompetanse i matematikk for den vidaregåande skulen

For å få undervisningskompetanse i eit fag for den vidaregåande skulen må du ha eit års fordjuping i dette faget (60 studiepoeng). I samband med at våre kurs er på 10 studiepoeng, tyder det at det trengs seks kurs for å nå dette målet.

Matematisk institutt har følgjande føringar på samansetjinga av desse seks kursa.

Desse fire kursa skal vere med:

- MAT111 – Grunnkurs i matematikk I (haustkurs)¹
- MAT112 – Grunnkurs i matematikk II (vårkurs)
- MAT121 – Lineær algebra (vårkurs)
- STAT110 – Grunnkurs i statistikk (haustkurs)²

Dei to siste kursa kan veljast fritt frå kurs med MAT- eller STAT-prefiks.

Det er også høve til å velje inn kurset MNF130 – Diskrete strukturar (vårkurs)

Desse krava gjeld for dei som tek alle kursa ved Universitetet i Bergen. Dersom du har relevante kurs frå andre utdanningsinstitusjonar vil vi (etter ein søknad om innpassing) vurdere desse som erstatning for delar av våre krav. NB: Merk at halvårseininga i matematikk frå lærarskulen ikkje vert vurdert til å vere på eit nivå som gir grunnlag for undervisningskompetanse i matematikk for den vidaregåande skulen.

Undervisningskompetanse i løpet av eit år:

Dersom du startar ved UiB med mål om å ta undervisningskompetanse i matematikk i løpet av eit år (med 3MX-bakgrunn) er det på grunn av innbyrdes struktur i vår kursportefølje berre følgjande forslag til studieløp som er tilrådeleg med tanke på at du skal ha rimelege forkunnskapar for å følgje dei ulike kursa.

Semester	Obligatoriske fag	Obligatoriske fag	Valfrie fag
Haut	MAT111	STAT110	MAT221
Vår	MAT112	MAT121	MNF130, MAT131, MAT220, STAT111 (MAT291)

Dei valfrie kursa som er nemnd i denne oversikten er som følgjer: MAT221 – Diskret matematikk, MNF130 – Diskrete strukturar, MAT131 – Differensiallikningar I, MAT220 – Algebra, STAT111 – Statistiske metodar, MAT291 – Matematikken sin historie (vår odde årstal). Sjå studentportalen <http://studentportalen.uib.no/> for detaljar om kursa.

Som du kan sjå vil eit ønskje om å få undervisningskompetanse i matematikk i løpet av eit års studium medføre at det ikkje er nokon valfridom i første semester, medan det er fire (fem) kurs som det er naturleg å velje mellom i andre semester. Valet i andre semester gjer du ut frå kva delar av matematikken som du likar best. MERK: Denne lista med valfrie kurs er gjort med omsyn på at det skal vere mogeleg å ta med dei forkunnskapar som studentane har opparbeida seg. Dersom ein ønskjer å vere deltidstudent og dermed tek kursa over lengre tid, så vil ein del andre kurs også bli aktualisert etter at både MAT112 og MAT121 er på plass.

Dersom du kan tenkje deg vidare studiar i matematikk eller statistikk, så bør du ta kontakt med studierettleiarane ved Matematisk institutt for planlegging av ditt vidare studieløp (telefon 55582841/55582834, e-post: studieveileder@mi.uib.no).

Siste oppdatering av dette dokumentet: 19.01.2007

¹ Kurset MAT101 – Bruarkurs i matematikk (haustkurs) vert godkjent som erstatning for MAT111, men merk at MAT112 bygger på MAT111.

² Kurset STAT101 – Elementær statistikk (haustkurs) vert godkjent som erstatning for STAT110.